



Tysvær kommune
Postboks 94
5575 Akdsdal

Kontakt saksbehandlar

Linn Berge Vormedal, 51568740

Løyve til utslepp av spylevatn - Tyværvåg behandlingsanlegg, Tysvær kommune

Fylkesmannen gir Tysvær kommune løyve etter forureiningslova til utslepp av spylevatn frå Tyværvåg behandlingsanlegg for drikkevatt til Løyningsbekken på visse vilkår.

Løyve med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt.

Fylkesmannen varslar gebyr for saksgangen

Vi viser til søknad av 20.5.2019 om løyve etter forureiningslova og til andre dokument i saka. Fylkesmannen gir løyve på visse vilkår vedlagt dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i lov 1981-03-13 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) § 11 jf. § 16.

Fylkesmannen har ved avgjerda av om løyve skal gjevast og ved fastsetjinga av vilkåra lagt vekt på dei ureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanhalde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen vidare lagt til grunn kva ein kan nå med beste tilgjengelege teknikkar

Me gjer merksam på at dette løyvet ikkje frittek for erstatningskrav for eventuelle skadar eller ulemper som følgjer av verksemda, jf. § 53 .


I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og internkontrollforskrifta, samt forskrifter som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og internkontrollforskrifta samt forskrifter fastsette i medhald av desse lovene, er straffbare.



Bakgrunn

Tysvær kommune har fått pålegg frå Mattilsynet om å ha to barrierar på reinseanlegget på Lønning. Kommunen vurderer ei løysning med ein container med eit membranreinseanlegg, der spylevatnet går via buffertank og ut i Løyningssbekken. Råvatnet frå spylevatnet kjem frå Ådnavatnet. Det planleggast eit påslepp via buffertank på 10 m³ til Løyningssbekken (sjå figur 1) med 600 m³ vatn i døgnet (ca. 8,3 – 9 liter/sekund). Membranane med opning på 4 nanometer skal reingjerast utan innverknad på bekken, men for å oppretthalde kapasiteten over tid, skal det tilsettast eit bionedbrytbart salt (NOKA 1), 26 gangar i året 25 kg kvar gong. Det blei opplyst at det er gytefisk i bekken, men ikkje elvemusling.



Figur 1: Oversikt over Løyningssbekkenvassdraget. Nedbørfelt med blå stipla strek, og Løyningssbekken med lyseblå strek. Kjelde: Rådgivende Biologer AS, Rapport 3047.

Kort om verksemda og søknaden

Type verksemd: Vassverk. Produksjon av drikkevatt. Behandling av rå-vatt gjennom membranfilter

Utslepp: Spylevatt frå membranlegget vil bestå av råvasskjelden som blir oppkonsentrert i fire gonger.

Gjennomsnittlig råvannskvalitet:

- Fargetallet før rensing ligger på mellom 14 og 27 mg Pt/l.
- TOC 3-4 mg C/l
- Turbiditet: 0,64 FTU
- pH: 5,5
- 67 µg Fe/l



- Mengde drikkevatt: Det er planlagt produsert 440 000 m³ drikkevatt per år.
- Utslepp av spylevatt: Det er planlagt utslepp av maks 220 000 m³ spylevatt per år.
- Vassføring i Løyningsbekken: Middelvassføring (Qm) på om lag 60 l/s. Alminneleg lågvassføring 1,1 l/s.

Saksgang

Vi mottok søknad om utsleppsløyve den 20.5.2019. Fylkesmannen spurde etter meir utfyllande informasjon i eposter datert 27.06.2019, 05.07.2019 og 17.07.2019 som alle blei svara av Tysvær kommune. I brev av 18.10.2019 spurde Fylkesmannen etter ein kartlegging av den økologiske tilstanden i Løyningsbekken for å sikre kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8. Rapport 3047 frå Rådgivende Biologer AS¹ blei motteken av Fylkesmannen 06.02.2020. Søknaden blei lagd ut i ein avgrensa høyring i perioden 18.2.2020 til 17.3.2020.

Fråsegner

Grunneigar gnr/bnr 27/5

Grunneigaren viser til at Løyningsbekken er einaste drikkevattskilde for beitande dyr på eit areal på 140 da innmarksbeite og er bekymra for korleis vasskvaliteten med eit høgare innhald av organisk stoff og jern vil påverke dyra. Auka vassføring vil føre til at grunnvassnivået vil bli høgare, gå over bredda og gjere det vanskelegare å drive jorda. Det forventast at Tysvær Kommune tek ansvar for dei konsekvensane auka vassføring vil ha, både under normal vassføring og under ein flaum situasjon. Og at dei gjer hydrologiske utbetringar slik at bekken toler den auka vassføringa. Tiltak som er foreslått for fisk i Løyningsbekken langs eigedomen er ikkje foreinlege med jordbruksdrift.

Mattilsynet

Mattilsynet påpeiker at tiltaket vil gi fleire fordelar for vassforsyninga i Tysvær kommune, blant anna kan Skjoldastraumen bli forsynt med trygt drikkevatt som oppfyller krava til tilstrekkelege hygieniske barrierar. Dersom det er tvil hos Fylkesmannen om å gi permanent utsleppsløyve, meiner Mattilsynet det vere ein fordel jamvel om eit tidsavgrensa løyve kan bli gitt.

Tysvær kommune sine kommentarar til fråsegnene

Tysvær kommune refererer til rapporten til Rådgivende Biologer AS som konkluderer med at vasskvaliteten ikkje vil ha nokon effekt på fisk og ferskvassorganismar og dei meiner derfor at dette også vil gjelde for større dyr. Kommunen vil ta vassprøvar samt ta undersøkingar av dei biologiske forholda etter endt tiltak.

Tysvær kommune ønskjer å vere på lag med grunneigarane ved utbetring av vassverket. Når det gjeld uroing i forhold til auka vassføring, vil kommunen utføre synfaring saman med grunneigarane langs bekken i forkant av installasjon av anlegget, då for å sjå om det eventuelt må gjennomførast tiltak/utbetringar.

Når det gjeld tiltak som er foreslått for segment 27 i Rådgivende Biologer AS sin rapport 3047, ønskjer ikkje Tysvær kommune å fjerne røyret som ligg i den dyrka jorda til grunneigar.

¹ Hellen, B.A., M. Kambestad og G.H Johnsen 2020. *Ferskvannbiologiske undersøkingar i Løyningsbekken høsten 2019, med vurdering av utslipp fra vannrenseanlegg. Rådgivende Biologer AS, rapport 3047, 27 sider, 978-82-8308-697-3.*



Fylkesmannen sine kommentarar til fråsegnene

Rapport 3047, frå Rådgivende Biologer AS, har fleire forslag til tiltak for å auke produksjon av sjøaure som blant anna inneber fjerning av røyr, tilrettelegging av gytekulpar og reetablering av kantvegetasjon. Kantvegetasjonen har ein viktig funksjon som leve- og hekkeområde for fugl, samtidig som den er med på å danne næringsgrunnlaget for livet i og langs vassdraget. Kantsone langs vatn og elvar er også viktige som vandringskorridorar for vilt, samtidig som den gir skugge og skjul for ferskvassorganismar. Dei er også med på å motverke avrenning og avgrense erosjon. Det er ved forskning vist at kantvegetasjon tek opp nærings salt i vekstsesongen, og dermed fungerer som ein buffer mellom landbruksareal og vassdrag. Løyningsbekken er allereie påverka av diffus avrenning frå fulldyrka mark. Tiltaka frå Rådgivende Biologer AS er aktuelle forbetringstiltak for Løyningsbekken, men Fylkesmannen kan ikkje pålegge grunneigar å gjennomføre tiltaka.

Vurderinga til fylkesmannen

Rettsleg grunnlag

Fylkesmannen har vurdert søknaden på bakgrunn av dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket, samanhalde med dei fordelar og ulemper tiltaket elles medfører, jf. forureiningslova §§ 11 og 16. Vurderingstemaet supplerast av krava i vassforskrifta §§ 4-6, og krava i naturmangfaldlova § 7 om at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova krev at ei avgjerd òg skal vera grunnjevne ut frå omsynet til naturmangfaldet der dette er relevant. Avgjerd skal anten baserast på vitskapleg kunnskap eller dersom dette ikkje finst, på «føre-var-prinsippet». Naturmangfaldet gjeld bestandsituasjonen til arter, utbreiinga til naturtypar og økologiske tilstand, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskap skal stå i eit rimeleg høve til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta fastset miljømål for vassførekomst og deler inn vassførekomst i fem tilstandsklassar. Miljømåla i vassforskrifta § 4 inneber at tilstanden i vassførekomstane skal beskyttast mot forverring, og betrast med mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand. Dersom tiltaket fører til at vassførekomsten endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreligge ei forverring. Miljømåla skal nåast, og forverring er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. § 12. Fylkesmannen har difor vurdert om krava i vassforskrifta er til hinder for å gje det planlagde tiltaket løyve etter forureiningslova.

Miljøpåverknad

Biologiske forhold

Tiltaket er eit inngrep i økosystemet i Løyningsbekken. I saksgongen blei bekken skilt ut som ei eigen vannførekomst i Vann Nett²: 039-144-R Løyningsbekken. Tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag på botndyr frå rapport 3047 frå Rådgivende Biologer AS viser at det er «moderat» til «dårleg» tilstand med omsyn på eutrofiering. Nedstraums Gjerdesvannet er habitatforholda «dårlege» for fisk. Mellom Gjedevatnet og anadromt vandringshinder er habitatforholda vurdert som «moderat». Ovafor anadromt vandingshinder, er samla habitatverdi vurdert som god. Det er ikkje påvist elvemusling i Løyningsbekken. For å overvake tilstanden i bekken vil Fylkesmannen stille som vilkår at Tysvær kommune skal undersøkje dei biologiske forholda i bekken eit år etter ferdiggjering og deretter etter tre år.

² <https://vann-nett.no/portal/>



Dersom det viser seg at utsleppet har ein negativ effekt på det biologiske miljøet i sjølve vassdraget, vil det være aktuelt å pålegge kommunen å gjennomføre avbøtande tiltak som bedrer status for biologisk mangfald, som habitattiltak eller auke reinsetiltak av utsleppet.

Utslepp av skyljemiddel

Membranfilletrane skal skyljast med skyljemiddel kvar 14. dag. Skyljemiddelet NOKA1 er ikkje klassifisert som farleg, men med evne til bruke mykje oksygen med eit kjemisk oksygenbruk på 480 mg O₂/g og biokjemisk oksygenforbruk (BOF5) på 364 mg O₂/g. I rapport 3047, frå Rådgivende Biologer AS, er det utrekna at blandingsforholdet på 25 kilo NOKA1 med 63 liter vil fortynnast 159 gonger i buffertanken og saman med avløpet frå spylevatnet på 600 m³ i døgnet vil dei 63 litrane bli fortynna nesten 10 000 gonger. Det har ikkje vore rapportert oksygenvinn i resipientane på nokre av dei over 150 anlegga NOKA AS har vore leverandør for dei siste 20 åra. Rapport 3047 konkluderar med at det er ikkje sannsynleg at dette utsleppet vil ha ein «kvelande» effekt på livet i stillestående kulpar på strekningar nedstraums for utsleppet. Ut i frå tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag, vurderer Fylkesmannen at det er lite sannsynleg at skyljemiddelet vil ha effekt på miljøet i Løyningsbekken. Vi vil likevel stille krav om analyser av biologisk oksygenforbruk for å fysiske kontrollere dei teoretiske berekningane.

Utslepp av spylevatn

Membranfiltera har ein god reinsegrad for humusstoff og metall, og spylevatnet vil ha eit innhald av naturleg førekomst av stoff frå råvatnet i forhøgde konsentrasjonar. I rapport 3047 frå Rådgivende Biologer AS er det utrekna at innhaldet i spylevatnet vil bli oppkonsentrert fire gonger. Det framkommer at oppkonsentrasjonen ikkje vil føre til eit problem for fisk og andre ferskvassorganismar i Løyningsbekken ved midelvassføring, men i særleg tørre periodar på sommaren, ved vassføringar under vanleg lågvassføring, vil spylevatnet utgjere hovudparten av vassføringa i elva. Dette kan føre til at den kjemiske vasskvaliteten blir endra frå «god» til «moderat» med omsyn på jern og innhald av organisk materiale. Nede ved utløp til sjøen til vassførekomsten «Førlandsfjorden-indre», er midelvassføringa i Løyningsbekken 0,15 m³/s. og utsleppa vil vere fortynna til ca. 1/3 frå utsleppspunktet. Ut frå utrekningar frå vasskvalitetsmålingar (2018) frå Ådnavatnet, vil spylevatnet kunne innehalde opp mot 300 µg Fe/l. og totalt organisk karbon (TOC) innhald opp mot 15 mg C/l. Skadeverknader på jern kan ein vente når konsentrasjonane overstig 500 µg Fe/l då jernet då kan fella ut på fisken sine gjeller.

Fylkesmannen vil stille krav om analyser av total-nitrogen, total-fosfor, fargetal, jern, suspendert stoff, pH og totalt organisk karbon, samt at det blir forsøkt å strupe utsleppet ved lågvassføring. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sitt utslepp. Utsleppet av jern kan ikkje overstige 500 µg Fe/l.

Konklusjon

Fylkesmannen i Rogaland har ved avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanlikna med dei fordeler og ulemper som tiltaket kan føre til. Utslepp av spylevatn i Løyningsbekken kan i ytterste konsekvens endre den kjemiske vasskvaliteten frå «god» til «moderat» i korte periodar. Tilstanden i vassførekomsten skal beskyttast mot forverring, og betrast med mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand. Den samfunnsmessige verdien av å sikre Tysvær kommune sine innbyggjarar drikkevatt, vektleggast i stor grad. Spylevatnet som blir ført til vassdraget inneheld organisk materiale som naturleg finst i vassdraget frå før, men i høgare konsentrasjonar. For å redusere risiko for eventuelle skadar på naturmangfaldet, setter Fylkesmannen fleire vilkår i løyvet. Med dei tiltaka og vilkåra som framkommer av vedtaket og basert på tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag, forventar vi at det ikkje er sannsynleg at spylevatnet til Løyningsbekken vil påverke livsvilkåra i negativ retning.



Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og forureiningsforskrifta § 22-6 gjev Fylkesmannen i Tysvær kommune, på visse vilkår, løyve til utslepp av spylevatn, frå Tyvervåg behandlingsanlegg for drikkevatt, til Løyningsbekken ved gnr/brn 27/1 i Tysvær kommune.

Løyvet med tilhøyrande vilkår følger vedlagt.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Ved avvik frå løyvet kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. forureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73, eller sørgje for igangsetjing av tiltak jf. forureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda, som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgjevinga.

At forureininga er tillate, frittek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av forureininga, jf. forureiningslova § 10 og kap. 8, samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen si handsaming av søknadar om løyve etter forureiningslova er omfatta av ei gebyr-ordning, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Vår handsaming av denne saka har medført ein ressursbruk tilsvarende gebyrsats 5 jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Tysvær kommune skal difor betale eit gebyr på 66 600 kr for Fylkesmannen si handsaming av saka.

Heimel for eit vedtak om sats for kontroll av verksemder er forureiningsforskrifta § 39-7 eller § 39-8. De har høve til å kommentere dette varselet, jf. forvaltningslova § 16. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen i Rogaland innan to veker etter at dette brevet er motteke.

Fristar

Tysvær kommune skal sende inn måleprogram i samsvar med punkt 3.2 i løyvet innan 01.09.2020, samt overvakingsprogram i samsvar med punkt 9. i løyvet innan 01.01.2021 for eventuelle merknader.

Offentleggjering av løyvet

Ålmenta skal gjerast kjent med vedtaket jf. forureiningsforskrifta kap. 36 «behandling av tillatelser etter forureiningslova» § 36-1. Løyvet og søknadsdokumenta vil leggjast ut på internettssidene til Fylkesmannen i Rogaland www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima».

**Klagerett**

Løyvet kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker frå melding om vedtaket er motteke. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernssjef

Linn Berge Vormedal
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

HELENE BERGERSEN	Tysværvågvegen 274	5570	AKSDAL
STAVANGER OG ROGALAND JEGER- OG FISKERFORENING	Postboks 699	4090	HAFRSFJORD
Jone Lønning	Heskjadalen 809	5570	Aksdal
Elise Nesse	Tysværvågvegen 297	5570	
NATURVERNFORBUNDET I ROGALAND	Postboks 441	4002	STAVANGER
Jan Håvard Frøyland	Tysværvågvegen 373	5570	Aksdal
EIRIK LØNNING	Tysværvågvegen 306	5570	AKSDAL
Tore Erland	Tysværvågvegen 333	5570	
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Tysværvåg vassverk, Tysvær kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16. Løyvet vart gitt på grunnlag av søknad av 20. mai 2019 og opplysningar framkomne under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Verksemda må på førehand avklare med Fylkesmannen dersom den ønskjer å gjere endringar i driftsforhold, utslepp med meir som kan ha miljømessig betydning og som ikkje er i samsvar opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga.

Dersom heile eller vesentlege deler av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er trådd i kraft, skal verksemda sende ei klargjering for omfanget til verksemda slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet

Bedriftsdata

Anlegg	Tyværvåg vassverk
Ansvarleg verksemd	Tysvær kommune
Postadresse	Rådhusvegen 9, 5575 Aksdal
Org. nummer (bedrift)	976551672
Gards- og bruksnummer	Gnr. 27 bnr. 1

Fylkesmannens referansar

Vår referanse	Løyve nummer	Anleggsnummer:
2019/5387	2020.0338.T	1146.0061.02
Løyve gitt: 07.05 2020	Endringsnummer:	Sist endra:
<i>Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar.</i>		
Marit Sundsvik Bendixen ass. fylkesmiljøvern sjef	Linn Berge Vormedal overingeniør	

1. Rammer

Løyvet gjeld forureining frå produksjon av drikkevatt ved Ådnavatnet i Tysvær kommune. Løyvet er basert på ein årleg produksjon av 440 000 m³ drikkevatt pr. år, med årlege tilførsler av spylevatt til Løyningsbekken er på 220 000 m³, og inntil 600 m³ pr døgn. Ved vesentlege endringar skal verksemda søkje om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

2. Generelle vilkår

2.1. Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er venta å ha størst miljømessig betyding, er regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet pkt. 3. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så lenge opplysningar om slike utslepp blei framlagt i samanheng med saksbehandlinga eller ein må anse at det har vore kjent på annan måte då vedtaket blei treft.

2.2. Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vann, samt støy og avfall, er isolert sett uønska. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa, medrekna støyen, så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje gjennom vilkår i pkt. 3 flg. uttrykkjeleg er sett grenser for.

2.3. Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha ureiningsmessig betyding. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert. (Jf.r Internkontrollforskriften § 5 punkt 7¹)

2.4. Tiltak ved økt forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å iverksetje dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, medrekna om nødvendig å redusere eller innstille drifta. Verksemda skal, så snart som mogeleg, informere Fylkesmannen om unormale forhold som har eller kan få ureiningsmessig aktualitet. Akutt forureining skal varslast etter punkt 8.4.

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskriften)

2.5. Internkontroll

Verksemnda pliktar å etablere internkontroll for verksemnda si etter gjeldande forskrift om dette. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemnda overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene². Verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda pliktar til ein kvar tid å ha oversikt over alle forhold som kan medføre forureining og kunne klargjere for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining.

3. Utslepp til vatn

3.1. Utslepp av prosessavløp

Spylevatnet skal førast gjennom ein buffertank før utslepp til Løyningbekken. Det er ikkje tillate å sleppe ut meir enn 600 m³ spylevatn pr døgn.

Spylevatnet skal førast ut i Løyningbekken på ein slik måte at innblandinga i vassmengdene blir best mogeleg. Ved lågvassføring i Løyningbekken skal spylevatn haldast tilbake så godt dette teknisk sett lèt seg gjennomføre.

3.2. Måleprogram

Bedrifta skal gjennomføre målingar av utslepp til vatn. Målingar omfattar volummåling, prøvetaking, analyse og berekning. Verksemnda må velgje prøvetakingsfrekvensar og plassering som gir representative prøver for verksemnda sitt utslepp.

Det skal ordinært takast kvartalsvise/månadlege døgnbaserte blandprøver. Prøvane skal måle komponentar som kan ha miljømessig betydning og skal inkludere parameterane:

- Jarn (tot-Fe)
- Total fosfor (tot-P)
- Total nitrogen (tot -N)
- Biologisk oksygenforbruk (BOF₅)
- Suspendert stoff (SS)
- Fargetal (pt)
- Total organisk karbon (TOC)
- pH

Måle- og utrekningsprogrammet skal blant annet dokumentere måle- og prøvetakingsmetode, måleperiode, utrekningsmodeller og prøveplassering og skal inngå i verksemnda sin internkontroll. Måleprogrammet skal forleggjast Fylkesmannen for eventuelle merknader innan 01.09.2020.

For å unngå skadeverknader på fisk, skal innhaldet av jern i utsleppet ikkje overstige 500 µg Fe/l.

² Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskriften)

3.3. Kvalitetssikring av målingane

Bedrifta er ansvarleg for at metodar og utførelse er forsvarleg kvalitetssikra bl.a. ved å:

- Utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Dersom særlege omsyn tilseier det kan ein godta andre metodar.
- Bruke akkrediterte laboratorium / tenester når prøvetaking og analyse blir utførde av eksterne. Tenesteytar skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta.

3.4. Sanitæravløpsvatn

Verksemda sitt sanitæravløpsvatn blir leidd til tett tank. Kommunen er styresmakt for avløpsvatnet etter forureiningsforskrifta kap. 12.

4. Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje medføre utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skadar eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å redusere miljøverknadene av eit eventuelt utslepp til grunn og grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp til grunn og grunnvatn eller hindre at eventuelle utslepp medfører skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og vedlikehaldast regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadane og ulemper som skal unngåast.

Verksemda skal halde løypande oversikt over eventuell gjeldande forureina grunn på bedriftsområdet og forureina sediment utanfor, medrekna faren for spreing, samt vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendige, skal forureiningsstyresmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2³, eventuelle løyve etter forureiningslova.

Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

5. Kjemikalier

Med kjemikalier meinast her kjemiske stoffar og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikalier, for eksempel begroingshindrande midlar, vaskemiddel, hydraulikkvæskar, brannsløkkemidlar.

For kjemikalie som blir nytta på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at den har gjort ei vurdering av kjemikala si helse- og miljøeigenskapar på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikalier. Det skal gjennomførast ei løypande vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø forårsaka av dei kjemikala som nyttast, og av om alternativ finnast. Skadelege effektar knytt til produksjon,

³ Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe⁴. Stoffar aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, omsetjast, eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁵.

6. Energi

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan iverksetjast for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift.

7. Avfall

Verksemda pliktar så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det oppstår avfall som følgje av verksemda. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkjast avgrensa mest mogeleg.

Verksemda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, medrekna farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsette i eller i medhald av forureiningslova, medrekna avfallsforskrifta⁶.

Avfall som oppstår i verksemda, skal søkjast gjenbruk i verksemda sin produksjon eller i eller - for brennbart avfall - søkjast utnytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller i medhald av forureiningslova, samt krav fastsette i dette løyvet.

8. Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

8.1. Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Verksemda skal vurdere resultatane i forhold til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan medføre akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli rørd av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensar slik forureining kan medføre.

8.2. Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda iverksetje risikoreduserande tiltak. Både sannsynlegheitsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

⁴ Jf Produktkontrolllova av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁵ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

⁶ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

8.3. Etablering av beredskap

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei iverksatte risikoreduserande tiltaka, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ei beredskap mot akutt forureining. Beredskap skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda til ein kvar tid representerer.

8.4. Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast etter gjeldande forskrift⁷. Verksemnda skal også så snart som mogeleg underrette Fylkesmannen i slike tilfelle.

9. Utsleppskontroll, overvaking og rapportering til Fylkesmannen

9.1. Overvaking etter vassforskrifta

Verksemnda skal overvake korleis utsleppet påverkar dei biologiske forholda i Løyningbekken. Dette skal gjennomførast første gang eit år etter ferdiggjering og deretter etter tre år.

Med vassforskrifta følgjer det eit krav til overvaking. Når Fylkesmannen gjer løyve til utslepp av stoffar til vatn, med heimel i forureiningslova, krevjar vassforskrifta at det blir gjennomført overvaking i rørde vassførekomst. Overvakinga skal vurdere effekten utsleppet har på plante- og dyresamfunn, samt kjemiske forhold i vassførekomsten. Overvakingsprogramma må utarbeidast i samarbeid med naudsynt fagekspertise, slik at ein fangar alle effektar av utsleppet. Overvakingsprogrammet skal inkludere prøver av botndyr, begroingsorganismer og el-fikse og skal forleggjast Fylkesmannen for eventuelle merknader innan 01.01.2021. Målestasjonane skal være plassert slik at dei er representative for verksemnda sitt utslepp.

Data som blir skaffa ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>). Data blir rapportert på Vannmiljøs importformal. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i Vannmiljøs kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

9.2. Rapportering til Fylkesmannen

Årsrapporten skal dokumentere at vilkåra i løyvet er oppfylt, gjere greie for årsakene til eventuelle avvik og kva slags tiltak som er sett i verk for å rette opp påviste avvik. Verksemnda skal senda årsrapporten til Fylkesmannen kvart år innan 1. mars.

Årsrapporten skal omfatte:

- resultat frå måleprogrammet jf. vilkår 3.2
- resultat frå overvakingsprogrammet dei åra dette inntreffar jf. vilkår 9.1

10. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

⁷ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

11. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid.

12. Omgjering

Fylkesmannen vil kunne pålegge verksemda å gjennomføre ulike tiltak, og eventuelt endre vilkår i løyvet dersom utsleppet viser seg å ha uheldige verkingar på resipienten.